

Reguleringsplan for fv. 415 Selåsvatn - Simonstad

Reguleringsføresegner

Detaljregulering

PlanID: 0929_2018003

Forslagstiller: Statens vegvesen

1. Siktemålet med planen

Siktemålet med planen er å gjere fv. 415 mellom Selåsvatn og Simonstad betre framkommeleg for store køyretøy, auke trafikksikkerheten og redusere reisetid.

2. Fellesføresegner for heile planområdet (PBL § 12-7)

Reguleringsplanen består av 9 reguleringsplankart og desse reguleringsføresegnene. Plankarta har nummer R001, R002, R003, R004, R005, R006, R007, R008 og R009.

Frisiktlinjer (§ 12-7 nr.2)

Primærvegens køyrebane, sett frå avkøyringa, skal vere synleg i frisiktlinja. Innanfor frisiktlinja skal eventuelle sikthindringar ikkje vere høgare enn 0,5 m over køyrebanenivå for primærvegen.

Offentlig formål eller fellesareal (§ 12-7 nr.14)

Areala som er vist med eigeform o_, er offentlege. Areala som ikkje er vist med eigeform er private.

Utforming (§ 12-7 nr. 1)

Arealformåla Køyreveg (o_SKV), Gang-/sykkelveg (o_SGS) og Kollektivhaldeplass (o_SKH), som er offentlege, skal utformast og gjevast høgder i terrenget som vist i Tegningshefte, datert 2. november 2018. Det vil bli gjeve rom for å justere høgde på køyrevegane med inntil +/- 1,0 m i forhold til det som er vist i Tegningsheftet. Hellingane på fylling og skjering kan justerast innanfor arealformåla Annan veggrunn – tekniske anlegg (o_SVT) og Annan veggrunn – grøntareal (o_SVG).

Arealformåla Køyreveg som ikkje er vist med eigeform(dvs. at de er private), kan justerast innanfor arealformål Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (L), slik at dei blir tilpassa eventuelle endringar i arealformåla Køyreveg (o_SKV) som er offentlige.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Køyreveg

Funksjon- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)

Køyreveg SKV felt 1, 2, 3, 5, 6 og 7 skal byggast som driftsveg/landbruksbilveg for landbruk/skogbruk.

Annan veggrunn – teknisk anlegg

Utforming (§12-7 nr. 1)

Sideareala skal arronderast, revegeterast eller såast til med stadeigne artar (frå stedet).

Gang-/sykkelveg

Gang/sykkelveg SGS 1 skal tilpassast en eventuelt kollektivhaldeplass innanfor føresegnssområde/bestemmelsesområde #B1.

4. Føresegner til føresegnssområde (bestemmelseområde)

4.1 Føresegner til føresegnssområde (område #B1, #B2 og #B3)

Innanfor bestemmelsesområdet/føresegnssområde #B1, #B2 og #B3, kan det byggast kollektivhaldeplass og gang-og sykkelveg.

4.2 Mellombels anlegg og riggområde #1-17 (§12-7 nr. 1)

- a) Alle områda som er merka med bestemmelsesområde, #1-17, kan i anleggsperioden nyttast til rigg- og anleggsområde. Områda som blir tatt i bruk til anlegg og riggområde skal etter avslutta bruk gjerast i stand og førast tilbake til opphavelag føresegn.
- b) Føresegnene «Anlegg og riggområde» opphøyrer når kommunen har fått skriftleg melding om at anlegget er ferdigstilt. Kommunen skal deretter gjere vedtak om opphøyr av mellombels anlegg, jfr. PBL §12-7, 1.ledd nr.10.

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

Følgjande dokument får juridisk verknad:

- Tegningshefte, datert 2. november 2018